

Helge Sandøy:

Puslespelet norsk

Språket er eit puslespel – på fleire nivå. Setningane bygger vi opp med dei bitane vi kallar ord. Men orda er ikkje minste einingane. Vigleik Leira har laga ei bok om *Ordlagning og ordelement i norsk*, og eine målet med dette verket er å gi ei innføring i korleis vi bygger opp orda av mindre «element». Om tittelen skal femne om heile emnet, må ein i 'ordlagning' også rekne inn det at vi låner utanlandske ord, som vi så kan bygge ut på norsk.

Eit ordstudium er eit breitt kulturstudium, og det opnar seg interessante perspektiv når ein skal strukturere ordskatten. Derfor ligg her rike kjelder for den som vil lage ei interessant bok. Ofte må ein kommentere det emnet orda gjeld, andre gonger det språkhistoriske og normeringspolitiske. Men det viktige målet er sjølv sagt å få fram at det er ein viss språklig orden i det som kan sjå kaotisk ut.

Den strukturelle orden som fins, framstiller Leira i del 1, som utgjør knapt ein tredel av boka. Resten går med til å legge fram kommentert materiale.

Teoridelen

I det vi kunne kalle teoridelen, går forfattaren systematisk igjennom ordlagingsprinsippa i norsk, og han viser med moderne materiale korleis dei blir brukt. Det gjeld slikt som samansettning («fag+språk»), avleiring («språk+lig»), samdanning («to+språk+lig») og innkorting («behå»). At her er nok «grunnelement» å ta av for den kreative, blir vi overtydde om når vi les om for eksempel alle avleingsmåtane vi kan bruke for å lage substantiv. Ettersom ordlagingslærer ofte har eit historisk perspektiv, blir

framstillinga å Leira spennande først og fremst fordi han ser på kva som fungerer i samtidsspråket. Da er ikkje ord på *be-* og *-else* spesielt interessante lenger, for, som Leira peikar på, er dei neppe element som er produktive i dag, dvs. at vi lagar ikkje nye ord med dei. I dag er det meir aktuelt å studere suffiks som *-atør*, *-nikk*, *-ist* osv.

Her er mange interessante observasjonar, som at nyord frå 60-åra som *teach-in* og *sit-in* faktisk har norske parallelar, som i *krypinn*. Suffikset *-isere* har ei nokså presis tyding og kan brukas også på heimlige ord, som i *finlandisere*; og innkortingsorda er naturlig nok eit fascinerande emne.

Ordlagingsmåtane gir ikkje eintydige produkt; i det levande språket er det tale om tendensar. Her er uhyre mange detaljar som kan dragas inn, men vi ser tydelig korleis Leira har som mål å vise hovudtendensane. Likevel blir framstillinga i innføringsdelen ofte tyngd av materialgjennomgang. Det kunne vore ein fordel om forfattaren hadde lagt meir vekt på å illustrere og drøfte dei strukturelle mønstra for å skape forståing for at det fins ein orden. Det ville nok krevje ei litt meir teoretisk vinkling og større bruk av eit presist termapparat. For ei bok som

forlaget ønskjer skal brukas ved høgskolar og universitet, er det nødvendig, og det trong ikkje bli uleselig for andre bokbrukarar heller.

Samansettningsfugen

Eit problematisk område i skriftnormeringa er kva «fuge» ein skal sette mellom ledda i samansettningar. Leira bruker 30 sider på å drøfte dette spørsmålet, som han har arbeidd meir med enn dei fleste. Her òg finn ein mønster og tendensar når ein sorterer materialet grundig. Det gjør Leira. Men på eitt punkt vil eg uttrykke misnøye, det gjeld framstillinga av bindevokalane *-e*- og *-a*. Desse to vokalane er brukt til ending i mange bøyingsformer, og ein må halde tunga beint i munnen når ein skal fortelje kva «element» ein har framfor seg i kvart tilfelte. Å beskrive samansettningar med verb som førsteladd slik at det er infinitiven (medrekna infinitivsendinga *-e*) som blir brukt, kan verke enkelt, men det er så overflatisk og gale at det kan ikkje passere. Leira viser sjølv (s. 69) til at ein i nynorsk med a-infinitiv må rekne e-en som bindevokal, for det heiter *å fiska*, men *fisk-e-stong*. Men for bokmål er det «enklast» å rekne e-en som infinitivsending, meiner Leira. Han kan sjølv sagt få systemet sitt til å gå opp, men det skaper forvirring for dei som vil forstå meir av norsk språk. Også i språkformer med kløyvd infinitiv vil det skape forvirring om ein spreier denne «fordommen» om at det er infinitivsforma vi har først i ordet *levemåte*. Dessutan gir ein inntrykk av at vi bruker ei bøyingsform som del av ei samansettning. Det gjør vi prinsipielt ikkje.

Det siste er eit viktig poeng, for på

dette området er det mange folkelige mistydingar av språkstrukturen. Leira er inne på det når det gjeld problemet med samansettningar med stadmenn som førsteladd. Språkstrukturen vår krev grunnforma der, slik at det skal heite *Holmenkoll-festivalen*. Dette temaet burde Leira ha utnytta òg i framstillinga si av binde-a-en, som mange lett mistyder som endinga i bestemt form eintal av hokjønnsord (jf. *ferdafolk*). Det er det ikkje. I dialekta blir binde-a-en brukt også i mange hankjønnsord. At skriftnormalane gir så lite rom for binde-a-en, er eit normeringsproblem som Leira kunne ha gitt større rom i boka si.

Med den overflatiske behandlinga Leira gir, kan setninga hans på side 60 lett mistydas: «Bank- og butikkordet *kasse* har valfritt *kasse-* eller *kassa-* som samansettingsform: *kassaapparat* el. *kasseapparat* [. . .]». Eg trur nok at den som ikkje har fått presisert prinsippet om at det er ubøyde former vi bruker i samansettningar, lett vil halde fram å leve i den villfaringa at valet her står mellom ubestemt eller bestemt form eintal av hokjønnsordet *kasse*. Slik er det ikkje. I *kass-e-apparat* har vi bindevokalen *-e* lagt til stammen *kass-*, og i *kassa-apparat* har vi inga fuge, for der har vi ei innlånt stammeform *kassa-*. Det siste kjem òg fram i tonelaget.

Alfabetisk liste

Lengste materiallista, «Alfabetisk liste over utgangar, ordlagingselement og bøyingsendingar», forvirra meg i starten. Å finne i same opplisting at *-ar* er brukt som ordutgang i *gitar*, ordlagingselement i *ein bakar* og bøyingsending i *bakar* (presens) og *hestar*

(fleirtal) er ikkje vanlig, for det er opplysningar frå ulike nivå. Eg er usikker på om folk finn på å slå opp i ei slik liste – og ikkje i ein grammatikk – når dei stussar på ei bøyning. Men det var originalt å få materialet stilt saman på denne måten, og her står mange pedagogisk gode rettleiingar. Mest interessant er det likevel å få ein gjennomgang og ei forklaring på alle heimlige og fremmende ordlagingselement i dei orda vi bruker i norsk i dag, slik som *al* i *al-kohol*, *al-verk*, *våg-al* og *horisont-al*. Her er det sjølvsagt tale om fire forskjellige element. Det skal ikkje forundre meg om denne «ordelement»-lista blir den mest verdifulle delen av heile boka.

Personnemningar

Stor glede vil folk òg ha av lista over «Personnemningar til stadmenn i Noreg». Det er gruelig mange måtar å lage slike nemningar på, derfor er det nyttig å ha ein plass å slå opp for å sjå at ein person frå Høvåg skal kallas *høvding*, ein frå Elverum *elverumsokning* osv.

Hine listene over bindingsmåtar i samansetningane og over ord på *-ing*, *-ning* og *-else* er kanskje mest interessante for folk som arbeider med språknormering. Her er interessante oversikter som viser at det ikkje er lettvint å lage enkle reglar. Men den vanlige

språkbrukaren vil vel framleis mest ty til ordbökene når han står fast og lurer på om han skal skrive *underskottsbedrift* eller *underskottbedrift*, *-lysing* eller *-lysning*.

Bokmål og nynorsk

Denne boka behandler både bokmål og nynorsk. Det er ein fordel, for ein kan da sjå kor mye som eigentlig er felles, og det som er ulikt, blir klårt fokusert. At dialektaene er haldne utafor, set grenser for kva ein kan finne. Men det er naturlig i ei bok som skal tene som hjelp for skribentar. Forfattaren er også lojal mot dei etablerte skrivvenormene, bare eit par plassar ser vi at lysta til å legge fram eigne meininger tar overhand. Strengt tatt hører det vel ikkje heime i ei handbok at forfattaren under presentasjonen av f.eks. den offisielle bøyninga av substantivet *slide* (med uttalen [slaid]) føyer til at språkbrukarane «vil ha ei kjensle av [at] her er der noko som ikkje heng i hop, og det er jo rett nok» (s. 54). Men vi som er einige, tilgir sjølvsagt dette sjangerbrottet.

I boka vil nysgjerrige språkbrukarar finne nøgda av interessant og nyttig stoff som kan auke språkmedvettet og glede med å bruke språket.

Vigleik Leira: *Ordlaging og ordelement i norsk*. Oslo 1992: Det Norske Samlaget. 300 s. Pris kr. 288.

